



Venstrebenken med 5 representantar hadde 3 uskedelingar i dag: Kjell Yri, Kristian Olav Bringedal og Bjarne Lilleaas. Her sit dei 3 saman med Morten Vevatne. Den femte, som ikkje er på dette biletet er varaordførar Synnøve Handeland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frå neste skuleår vil elevtalet ved skulen i Uskedalen auke til 116 medan det er 105 dette skuleåret.

Auken betyr at skulen går frå seksdelt til fulldelt og rektor Marie Elisabeth Kaldestad slår fast at å oppretthalda same læringsnivå blir den største utfordringa i 2011/2012.

Grunnen til det er at auken skjer utan auke i den noverande budsjettramma.

Kaldestad gjev uttrykk for dette i forventningsbrevet for 2011 som vart lagt fram i kommunestyret i dag. Budsjettramma som ikkje blir auka er på 7.904.025 kroner for skulen medan barnehagen har fått 4.158.777 kroner.

Rektor slår fast at personalet set seg høge mål både fagleg og sosialt. Tilsette trivs og let vel om arbeidsplassen. Ved skulen og i barnehagen har dei ei flott barnegruppe som gjer at dei har eit godt miljø, held Kaldestad fram.

Skulen har mellom anna lesing som satsingsområde. Dei satsar og på realfag i 5.-7-trinn. Denne våren har dei fått til eit naturfagprosjekt for desse trinna. Med omsyn til lærebøker må dei avgrensa kostnadane til nødvendig oppdatering av noverande læreverk. Det hadde vore ynskjeleg med nyinnkjøp.

Dei tilsette ved skulen har lite sjukefråver, berre 6,2 prosent. Snittet i kommunen er 8,5 prosent. Men med mindre ressursar er rektor redd for at slitastjen blir større i det daglege arbeidet og at dette fører til større fråver.

Ved SFO er det i vår 29 born men det auker til 44 til hausten. 15 av 18 som startar i 1. klasse vil truleg nytta SFO.. Det blir 2 minoritetsspråklege elevar.

I kommunestyret i dag drøfta dei også ein statusrapport for grunnskulen for 2010. Den synta mellom anna at for mange elevar er svake i dei sentrale dugleikane lesing, rekning og engelsk.

Kjell Yri (V, Uskedalen) kommenterte dette med at ulike faktorar her spelar inn og sa mellom anna at lærarane må ta tilbake klasserommet og få auka status. Difor må lærarutdanninga styrkast.

Yri peika på at berre 15 prosent av lærarane i dag vil stå som lærarar til pensjonsalderen og at gjennomsnittsalderen er høg - rundt 50 år. Han understreka og at læraren må få lov til å vera lærar og ikkje måtte lesa hundrevis av rundskriv frå regjeringa om omstilling og anna.

Av Ola Matti Mathisen